



Tysnes kommune,
Rådhuset,
5685 UGGDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

TYSNES KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Tysnes kommunestyre har i møte 17.12.2019, sak 074/2019, handsama og vedteke budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020 - 2023. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrert). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse.

Budsjett 2020

Netto driftsresultat utgjorde 2,1 prosent av brutto driftsinntektene for 2019. Det budsjetterte talet for 2020 utgjør 0,4 prosent. Det tilrådde minstenivået frå TBU (Teknisk berekningsutval) er 1,75 prosent av driftsinntektene.

Kommunen har vedteke bruk av lån med kr 64,4 mill. til finansiering av investeringane i 2020. Totale investeringar utgjør om lag kr 82,6 mill.

Økonomiplan 2020 - 2023

Økonomiplanen viser netto driftsresultat omtrent i null for 2021. I åra 2022 og 2023 er det negative netto driftsresultat i planen. Resultata ligg difor under det tilrådde nivået frå TBU i heile økonomiplanperioden.

Samla investeringar i perioden 2020-2023 utgjør om lag kr 202,0 mill., der om lag kr 153,6 mill. er planlagt finansiert med bruk av lån. Dei største investeringane er i Tysnes skule, Onarheim barnehage og nye omsorgsbustader ved Tysnes omsorgssenter.

Kommunen hadde ei langsiktig lånegjeld ved utgangen av 2019 som utgjorde 74,8 prosent av driftsinntektene. Kommunen hadde ved utgangen av 2019 disposisjonsfond med om lag kr 59,3 mill., eller 20,0 prosent av driftsinntektene.



Fylkesmannen sin kommentar

Vi vurderer kommunen si økonomistyring som god. Vi har ikkje prioritert å gi nærare vurderingar av kommunen sin økonomi.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent